



Soknemøte 25.oktober 2020

Stord sokneråd kallar med dette inn til soknemøte for kyrkjelyden.

Hovudsaka på møtet er ny lokal grunnordning for gudstenesta. For å gi kyrkjelyden eit godt grunnlag for å uttale seg om forslaget vil soknepresten nytta gudstenesta kl 11 til å kommentera dei ulike ledda i gudstenesta og endringane frå dagens ordning. Kyrkjelyden kan uttala seg om ordninga i soknemøtet som følgjer etter gudstenesta.

Stad: Stord Kyrkje

Tid: Søndag 25. oktober etter gudstjenesten kl 11.00 (ca kl 12).

Sakliste:

- Sak 1 (2020/61): Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2 (2020/62): Val av referent
- Sak 3 (2020/63): Val av to personar til å signera møteprotokollen
- Sak 4 (2020/64): Ny lokal grunnordning for gudstenesta

Den norske kyrkja får revidert gudstenesteordning frå 1. søndag i advent, vedtatt på Kyrkjemøtet i 2019 (sak KM05/19).

Soknerådet har ansvar for å utarbeide og vedta ny lokal grunnordning som er i tråd med dei sentrale føresegnene for gudstenesteordninga. Ordninga vedtakast i soknerådet, men skal høyrast på soknemøte og med tilsette. Uttalen frå soknemøtet vert vedlagd innsending av ny lokal grunnordning som sendast tenesteveg om prosten til Bjørgvin biskop (innan 30.oktober).

Vedlagde sakspapir inneheld førebels forslag utarbeidd av gudstenesteutvalet i Stord sokn:

- Forslag til lokal grunnordning for Høgmesse
- Forslag til lokal grunnordning for Familiegudsteneste
- Oppsummering av val og innstilling til vedtak

Endeleg vedtak gjerast av soknerådet i soknerådsmøte 29.oktober, der høyringsuttalen til soknemøtet vert teke med i vurderinga.

Stord, 13.oktober 2020

Stord sokneråd
v/ leiar Anders Dahl